

HELSE FØRDE HF  
Postboks 1000  
6807 FØRDE

Dykkar ref.:      Vår ref.:  
2023/34 - 161/2023

Sakshandsamar:  
Terje Arne Krokvik

Dato:  
05.01.2023

## Forutsetninger og føringer for økonomisk langtidsplan 2024-2028

### 1. Innleiing

Styret i Helse Vest behandla i møte den 13.06.2022 sak 060/22 Økonomisk langtidsplan 2023-2027. Det blei i denne saka fatta vedtak om ny rullering av økonomisk langtidsplan (ØLP) våren 2023 med sikte på å behandle ØLP for føretaksgruppa før sommaren 2023.

Som følgje av særdeles stramme økonomiske rammer og høgt nivå på investeringsplanane fatta styret i møte den 13.06.2022 at det skulle leggst fram ei konsekvensvurdert ØLP som følgje av at ikkje alle investeringar kan innfriast og at det blir gjort ei ny vurdering av realismen i denne ØLP i forkant av budsjettprosessen for 2023. Konsekvensvurdert ØLP 2023-2027 blei behandla i møte 07.12.2022 under sak 119/22. Helseføretaka må legge til grunn dei føringar og vedtak som blei fatta i denne saka ved rullering av ØLP 2024-2028.

Helse Vest vil ved rullering av ØLP 2024-2024 legge opp til at saka blir behandla i styremøte juni 2023. Dette inneber at helseføretaka må gjennomføre sin rullering av ØLP tidleg våren 2023. Dette brevet tar opp dei viktigaste føresetnader og føringar for arbeidet som helseføretaka no må sette i gang.

ØLP skal ha ein tidshorisont på 10 år.

Framdriftsplanen for utarbeiding av ØLP er som følgjer:

- Helseføretaka rullerar ØLP i perioden januar til mai. Frist for oversending til Helse Vest er **5/5 - 2023**.

- Helseføretaka bør fortrinnsvis styrebehandle sine langtidsbudsjett før ovannemnde frist, men seinast i følgjande styremøter:
 

Helse Stavanger:	24. mai
Helse Fonna:	25. mai
Helse Bergen:	4. mai
Helse Førde:	12. mai
Sjukehusapoteka:	8. juni
Helse Vest IKT:	27. april
- Føretak som har styrebehandling etter fristen 5/5-23 kan ta atterhald om godkjenning i styret ved oversending til Helse Vest.
- Føretaka skal drøfte og gjere nødvendige avklaringar med Helse Vest om forhold som har innverknad på investeringar og finansiering. Utkast til styresak skal sendast til Helse Vest for gjennomgang og kvalitetssikring, før den blir sendt til behandling i dei respektive styra.
- ØLP for føretaksgruppa blir samanstilt i slutten av mai 2023.
- ØLP for føretaksgruppa skal styrebehandlast i Helse Vest den 14/6-2023.

Helse Vest har utarbeidd ein felles mal for talgrunnlaget til ØLP, samt ein felles mal for styresaka. Helse Vest ber om at helseføretaka bruker dei fastsette malane for ØLP. Malane ligg i økonomihandboka.

## 2. Resultatkrav og økonomiske utfordringar

Helse Vest har over fleire år levert positive økonomiske resultat men resultatet for 2022 blei vesentleg lågare enn det som har vore nivået tidlegare. Eit normalresultat for føretaksgruppa bør ligge på om lag 7-800 mill. kroner for å ha tilstrekkeleg økonomisk grunnlag for å handtere store investeringar. Dei økonomiske rammene som ligg i statsbudsjett 2023 er særdeles krevjande. Det vil derfor ikkje være realistisk å oppnå resultatkravet for 2023 som blei fastsett i ØLP frå juni 2022. Resultatkravet for 2023 vil bli fastsett i konsernbudsjettsaka som blir lagt fram i februarmøtet. Det er uansett viktig at helseføretaka klarer å skape positive resultat for å kunne utvikle verksemda vidare.

Tabellen under viser resultatkravet i gjeldande langtidsbudsjett men der resultatkravet for 2023 førebels er uavklart:

Økonomisk langtidsplan					
Resultat pr. foretak	2023	2024	2025	2026	2027
Helse Stavanger		165 000	-289 000	-185 000	-172 000
Helse Fonna		7 000	-15 000	-50 000	-25 000
Helse Bergen		50 000	50 000	10 000	10 000
Helse Førde		-2 000	-40 000	-35 000	-38 000
Helse Vest IKT		1 000	1 000	1 000	1 000
Sjukehusapoteka Vest		9 000	9 000	9 000	9 000
Helse Vest RHF		350 000	350 000	350 000	350 000
<b>Sum foretaksgruppa</b>	<b>0</b>	<b>580 000</b>	<b>66 000</b>	<b>100 000</b>	<b>135 000</b>

Helse Vest RHF har over fleire år hatt eit normalresultat på mellom kr 300-400 mill. Det er og tatt høgde for dette i budsjettet for 2023. Dette for å sikre at foretaksgruppa har samla stort nok resultat til å forsvare dei store investeringane i nye sjukehusbygg som skal gjennomførast. Resultatkravet i RHFet er derfor sett til 350 mill. kroner og dette er delvis løyst gjennom at det ikkje lenger er innarbeid ein reserve.

For å kunne halde fast ved investeringsplanane er det viktig at helseføretaka i sine langtidsbudsjett minimum legg opp til eit resultatkrav som er tilstrekkelig for å ivareta det investeringsnivået som ligger i kommande periode.

Helseføretaka må gjere vurderingar av utviklinga i resultatkravet opp mot den nødvendige kontantstraumen som skal til for å gjennomføre investeringsplanane. Føretaka må også vurdere investeringstidspunkt slik at konsekvensane av investeringar blir handterte innanfor føretaket si økonomiske og finansielle ramme.

I arbeidet med ØLP må føretaka synleggjere:

- Korleis kostnader til drift og investeringar vil bli handterte innanfor driftsramma.
- Konsekvensane av omstillingstiltak og generell effektivisering.
- Korleis dei har involvert og forankra arbeidet i eigen organisasjon.

### 3. Investeringar

Helseføretaka må styre og prioritere investeringane innanfor den likviditet dei klarer å skape gjennom drifta. Departementet kan etter søknad tildele lån til byggeprosjekt over kr 500 mill. for inntil 70 prosent av kostnadane knytt til prosjektet. Nedbetaling kan maksimalt svara til avskrivningstida, maksimalt over 35 år. Ein kan velje mellom annuitet eller serielån. Slike lån vil formelt bli tildelt gjennom statsbudsjettet.

Helseføretaka skal i ØLP gi ein nærare omtale av dei store investeringsprosjekta. Punkter som skal vektleggast er:

- Formål og grunngjeving for investeringsprosjekta

- Kva slags prioriteringar som ligg til grunn for investeringsprosjekta
- Korleis vil dei virke inn på drifta, bemanning, finansiering osv.
- Kva slags endringar som følgjer av investeringa, inkludert driftskonsekvensar

Helseføretaka kan i ØLP ta omsyn til at Helse Vest RHF tar sikte på å gi eit kapitalinnskot på kr 2 mrd. til helseføreaka i 2023, jf. styresak 129/19. Det vil bli lagt fram ei sak i februarmøte om gjennomføring av Kapitalinnskotet. Føretaka må legge til grunn dei føresetnader og føringar som blir vedtatt i denne saka.

Den økonomiske situasjonen har i 2022 blitt vesentleg strammare enn tidlegare, og dei økonomiske rammene i statsbudsjett 2023 er særdeles krevjande. Dette inneber at positivt resultat i Helse Vest RHF i større grad må sjåast opp mot handtering av risiko i føretaksgruppa. Dette inneber at Helse Vest i ein periode må være meir restriktiv i forhold til å gi interne lån. Dette er eit forhold som helseføretaka må ta omsyn til i sine ØLP-ar.

Helseføretaka skal evaluere sine sjukehusprosjekt etter at bygga er tekne i bruk jf. krav stilt i føretaksmøte januar 2016, slik at Sykehusbygg HF kan sikre gjenbruk av løysingar og erfaringsoverføringar.

Styret i Helse Vest har i samband med styresak 061/15 lagt til følgjande tillegg i vedtaket:

*«Det må utarbeidast mål og handlingsplan i det årlege investeringsbudsjettet om kva gevinstar som skal takast ut ved nye investeringar»*

Helseføretaka må som ein del av ØLP gi ein nærare omtale av korleis ein skal hente ut gevinstar når investeringa blir tatt i bruk (endring/flytting av bemanning, kva blir gjort i dei gamle lokalitetane osv.). For større investeringsprosjekt må helseføretaka gi ein oppdatert status på gevinstarbeidet ved ny rullering av ØLP og ved utarbeiding av kommande års investeringsbudsjett.

## **4. Føresetnader og føringar for økonomisk langtidsplan**

### **4.1 Økonomisk føresetnad**

Alle tal i ØLP skal vere i 2023 kroneverdi og utan justeringar for pris og lønsvekst i perioden. Alle endringar i tala skal basere seg på reelle endringar og ikkje prisendringar.

Helseføretaka har tatt opp lån til investeringar på ulike tidspunkt og fleire av desse låna har ulik fastrente. Nye prosjekt som får tildelt lån over statsbudsjettet frå 2018 vil få renteberekning etter ny modell.

Det vil bli gjort ei samla vurdering av rentebindinga på den samla låneporteføljen og dette vil kunne påverke det gjennomsnittlege rentenivået.

Føretaka skal nytte dei aktuelle rentesatsane for dei ulike låna. Når ein fastrenteavtale går ut, ber Helse Vest om at helseføretaka nyttar flytande rente i berekninga for den resterande delen av planperioden. For lån med flytande rente, ber Helse Vest om at helseføretaka nyttar renteprognosen i dette avsnittet, dette gjeld både investeringslån med flytande rente og driftskreditt.

Den flytande renta for investeringslån gitt før 2018 og driftskreditt i Noregs Bank er for første halvår av 2023 fastsett til 3,46 prosent. Den lange renta kunne per 1/1-2023 bindast på mellom 3,26 til 3,32 prosent for 5 års investeringslån og mellom 3,29 til 3,30 prosent for 10 års investeringslån.

Den flytande renta for investeringslån gitt etter 2018 er på 2,67 prosent for første halvår 2023. Den lange renta kunne per 1/1-2023 bindast på 4,28 prosent for 5 års investeringslån og 4,27 prosent for 10 års investeringslån.

Som følgje av krigen i Ukraina, konsekvensar etter pandemien og høg prisvekst er det knytt usikkerheit til korleis renteutviklinga vil vere dei neste åra. Utviklinga i den flytande renta for både lån gitt før 2018 og lån gitt etter 2018 følgjer utviklinga i styringsrenta. Basert på Norges Bank sine prognoser er det forventa ein topp i rentekurva mot slutten av 2023. Renteprognosen under følgjer Norges Bank sine vurderingar av korleis rentebana blir sjåande ut i tida fram, tillagt ein margin grunna usikkerheita i rentemarknadane. Det blir også tatt omsyn til at store deler av dei langsiktige investeringslåna er bundne på låge fastrenter, noko som gjer ei låg gjennomsnittleg fast rente for føretaka samanlikna med rentetilboda nemnd over. Dette gjer at den totale rentebelastninga blir lågare enn det som ligg til grunn i dagens rentenivå.

Med bakgrunn i dette ber Helse Vest om at føretaka set renta i langtidsbudsjettet til 3,5 prosent i 2024. I prognosen vart det lagt opp til ein reduksjon til 3,3% i 2025 og 3,2% mot slutten av perioden.

	2024	2025	2026	2027	2028
<b>Renteprognose</b>	3,5 %	3,3 %	3,3 %	3,3 %	3,2 %

Denne føresetnaden gjeld både for driftskreditt og investeringslån med flytande rente.

Det vil bli gjort ei ny vurdering av renteprognosen ved neste rullering av langtidsbudsjettet.

## 4.2 Plangrunnlag

Utgangspunktet for helseføretaka sine ØLP er noverande opptaksområde og funksjonar. Det kan bli endringar i oppgåvefordelinga mellom føretaka i langtidsbudsjettperioden. Dette er likevel forventa å

vere mindre endringar og desse må handterast når det er aktuelt. Føretaket må etablere eit plangrunnlag med utgangspunkt i:

1. Utvikling av behovet for tenester i føretaket
2. Nasjonale og regionale føringar
3. Korleis føretaket vil møte behova og følgje opp føringane.

Helseføretaka må:

- utvikle og tilpasse tenestene for å møte utfordringane innanfor påreknelege økonomiske rammer
- gjøre ein vurdering av konsekvensar knytt til personell og kompetanse, bygg og utstyr, IKT og andre viktige innsatsfaktorar
- levere ein realistisk ØLP der dei synleggjer økonomiske behov og viser korleis dei skal løyse utfordringar knytt til behov og økonomiske rammer

Arbeidet med ØLP må sjåast i samanheng med utviklingsplanen i kvart helseføretak og den regionale utviklingsplanen.

#### **4.2.1 Utvikling i behovet for tenester**

Helseføretaka må vurdere venta utvikling i behovet for tenester innanfor sitt opptaksområde. Utgreiinga må vere basert på beste kunnskap om korleis befolkningsutvikling, sjukdomsutvikling, utvikling innanfor medisinsk teknologi og forventningane til helsetenestene vil påverke behovet og etterspurnaden etter tenester.

Helseføretaka må ut frå beste kunnskap vurdere kva type utfordringar utviklinga kan forventast å gi når det gjeld for eksempel kapasitet, pasientlogistikk, prioriteringar, oppgåvefordeling mellom spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta, tilgang og bruk av medisinteknisk utstyr og teknologi.

I statsbudsjettet for 2023 er det lagt opp til ein samla vekst på 1,5 prosent samanlikna mot saldert budsjett 2022. Veksten innanfor ISF-ordninga frå 2022 til 2023 er sett til 1,4 prosent. Det er lagt til grunn ein vekst på om lag 2,5 prosent i poliklinisk aktivitet som omfattar laboratorie- og radiologiske undersøkingar i helseføretaka. Det er i statsbudsjettet for 2023 ikkje gitt kompensasjon for auka løns- og prisvekst i 2022 ut over deflator. For Helse Vest utgjør dette ei økonomisk utfordring på om lag 650 mill. kroner som vil vere ved i dei kommande åra dersom dette ikkje blir handtert i ei eller anna form i kommande budsjettframlegg frå staten. Dette er eit forhold som helseføretaka må ta med seg i rulleringa av ØLP.

Psykisk helse er like viktig som fysisk helse, og menneske med psykiske helseplager må få hjelp der dei er. For å styrke tilbodet innan psykisk helse skal det utarbeidast ein ny opptrappingsplan som mellom anna skal sikre auka kapasitet i spesialisthelsetenesta og hindre nedbygging av sengeplassar. Det skal særskilt satsast på tilbod til barn og ungdom, og til pasientar med samtidige psykiske lidingar og ruslidingar. Distriktpsikiatriske senter skal styrkast.

Det er venta ein vekst i pasientbehandling som følgje av den generelle veksten i folketal og demografiske forhold der ein stadig større del av befolkninga vil bli eldre. Med basis i SSB sin framskriving av befolkningstala vil ein i perioden frå 2023 til 2028 få ein samla befolkningsvekst på 2,16 prosent. Denne veksten i befolkningsframskrivinga fordeler seg slik på helseføretaka:

Helse Stavanger	2,96 %
Helse Fonna	0,63 %
Helse Bergen	2,69 %
Helse Førde	-0,43 %

Framskrivninga er basert på ein middels nasjonal vekst. Veksten i folketalet vil vere størst i Helse Stavanger og Helse Bergen sitt område. Framvekst av nye behandlingstilbod, nye og kostnadskrevjande behandlingsmetodar, vil auke behovet for midlar til spesialisthelsetenesta. Dette er eit forhold som vil påverke den framtidige bestillinga og fastsetting av inntektsfordelinga.

Det er fleire faktorar som vil kunne påverke den økonomiske ramma til spesialisthelsetenesta dei kommande åra. Det er ikkje gitt at vi får ei økonomisk ramme som er med å understøtte den forventa veksten i pasientbehandlinga fullt ut. Det blir mellom anna vist til statsbudsjett 2023 samt sak om inntektsramme 2023 der det er gitt ein nærmare omtale av den stramme økonomiske ramma, særleg som følgje av manglande kompensasjon for auke løns- og prisvekst i 2022. Dette er forhold som helseføretaka må ta høgde for og gjere nødvendige tilpassingar i dei årlege budsjetta dersom det blir nødvendig.

Etter ei samla vurdering vil Helse Vest likevel leggje opp til ein årleg aktivitetsvekst innanfor spesialisthelsetenesta i regionen som ligg på opp mot 0,6 prosent samla for alle fagområda. Dette er litt høgare en kva befolkningsveksten isolert sett er framskriven med, men lågare enn veksten i statsbudsjettet dei siste åra. Anslaget på 0,6 prosent vekst er vurdert til å vere konservativt nok til å fange opp dei usikre faktorane som vil kunne påverke framtidige rammevilkår.

Veksten vil vere ulik for dei enkelte helseføretaka. I tabellen under viser fordelinga mellom helseføretaka med utgangspunkt i 0,6 prosent vekst. Fordelinga er berekna med basis i framskriving av SSB sine befolkningstal. Veksttala utgjer årleg gjennomsnittleg vekst i kommande 5 års periode:

Årleg vekst	Helse				Total
	Helse Stavanger	Helse Fonna	Bergen	Helse Førde	
Gjennomsnitt 2023-2028	0,8 %	0,2 %	0,7 %	0,0 %	0,6 %

I utarbeidinga av langtidsbudsjettet må helseføretaka sjå endring i ISF-inntekt i samanheng med endring i basisramma. Dette inneber at helseføretaka kan leggje til grunn ein auke i ISF-inntekt og basisramme som samsvarer med veksttala i tabellen over. Helse Vest legg med dette til grunn prinsippet om at vekst i pasientbehandling blir kompensert i basisramma og blir vidareført i dei kommande års statsbudsjett. Føretaka må likevel ta høgde for at det kan vere fleire forhold som gjer at veksten i dei økonomiske rammene blir lågare enn det som er lagt inn som føresetnad i ovanfor.

#### 4.2.2 Nasjonale og regionale føringar

Følgjande dokument gir sentrale føringar for utvikling av spesialisthelsetenesta og utarbeiding av langtidsbudsjettet:

- Statsbudsjettet for 2023
- Nasjonal helse- og sjukehusplan
- Helse 2035/Regional utviklingsplan 2023-2035
- Styringsdokumenta til helseføretaka

Dei årlege styringsdokumenta til helseføretaka gir konkrete føringar og rammer. Mange av føringane i styringsdokumenta må sjåast i eit lengre perspektiv og leggst til grunn i langtidsbudsjettet. Samstundes må langtidsbudsjettet byggje på sentrale og regionale føringar og eksisterande planer

#### 4.2.3 Korleis vil helseføretaka møte behova og følgje opp føringane

I langtidsbudsjettet må helseføretaka ta høgde for omstilling av verksemda for å handtere venta utvikling i aktivitet og sjukdomsbilete. Omstilling og nødvendige tiltak må skje innanfor venta økonomisk ramme og resultatkrav.

Helseføretaka må følgje opp nasjonale styringsmål og det blir understreka viktigheita av å prioritere psykisk helsevern.

Helseføretaka sine eigne utviklingsplanar vil her vere viktige.

#### 4.2.4 Personell og kompetanse, bygg og utstyr, teknologi og anna viktig infrastruktur

Helseføretaka må gjere ei generell vurdering av personell og kompetanse med vekt på å behalde personell, bygg og utstyr, IKT/teknologi/digitalisering og anna viktig infrastruktur. Helseføretaka må



også vurdere om tenestene er organisert og lagt til rette slik at ressursbruken blir mest mogelig effektiv og økonomisk bærekraftig.

Det blir elles vist til mal for langtidsbudsjett, kor det er gitt nærmare retningsliner på innhaldet i investerings- og finansieringsplanane.

Med vennleg helsing

Inger Cathrine Bryne  
Administrerande direktør

Per Karlsen  
Økonomi- og finansdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent av: Inger Cathrine Bryne Administr.direktør*

Mottakere

HELSE VEST IKT AS

HELSE FØRDE HF

SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

HELSE BERGEN HF

HELSE STAVANGER HF

HELSE FONNA HF